



Boligsenteret Bergen
Ervikveien 70 b
5106 ØVRE ERVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3530 - 14/12947

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
02.09.2014

Godkjenning- Oppføring av garasje på gbnr 10/271 i Holsbergstien

Administrativt vedtak. Saknr: 247/2014

Eigedom: 10 / 271
Byggjeplass: Holsbergstien- Holmemarka
Ansvarleg søkjar: Boligsenteret Bergen AS
Planstatus: Reguleringsplan bustadområde (Holmemarka aust)
Søknad om: Oppføring av garasje

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 motteke 26.08.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av garasje på 40,2 m² på gnr 10 bnr 271 i Holmemarka.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Holmemarka aust regulert til bustadområde.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 06.08.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteke 26.08.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Tillatt grad av utnyttning på tomte (% BYA) er 34 %. Følgjeleg samsvarer tiltaket med reguleringsplanen.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Godkjenning av ansvarsrettar:

Føretak	Godkjenningsområde
Boligsenteret Bergen AS Org. Nr.: 990693846 Sentral godkjenning	PRO/SØK/UTF/KONT tiltakskl. 1 Fagområde: Alle ansvarsområde for tiltaket

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve til bygging av garasje på gnr 10, bnr 271 i samsvar med søknad motteke 26.08.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla motteke 26.08.2014

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Gebyr for sakshandsaming følger vedlagt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Mottakere:

Boligsenteret Bergen

Ervikveien 70 b 5106

ØVRE ERVIK